

Kulturdepartementet

Oslo, 15. november 2019

Høyringsvar til ei ny, heilskapleg språklov

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget (Litteraturselskapet) takkar for høvet til å svara på høyringa om framlegget til ei ny, heilskapleg språklov.

Ei språklov vil, og må, vera med og auka medvitet om at språk er viktig. Lova vil også vera med og auka medvitet i ålmenta om norsk, og også om urfolksspråk, nasjonale minoritetsspråk og nasjonalt teiknspråk. Lovfesta rettar vil føra til ei reell statusheving for desse språka, sjølv om det på papiret er ei stadfesting av den eksisterande statusen deira.

Den gjeldande språkpolitikken (som me kort oppsummerer under) må vera utgangspunktet for lovarbeidet. Etter vårt syn er det vidare viktig at proposisjonen har ei grundig drøfting av samanhengen mellom språklova og alle særlover/spesialreglar for språklege rettar. Utdanningslovene er svært viktige, og det må sikrast god samheng mellom språklova og utdanningslovene. Det kan henda at noko av det som blir nemnt i dette brevet, heller bør regulerast i opplæringslova og/eller universitets- og høgskulelova, og begge desse er som kjent no under revisjon.

Me tilrår at språklova blir vedteken, men foreslår nokre viktige endringar som kan bidra til å styrkja norsk språk generelt og nynorsk spesielt. Nokre spørsmål er ikkje godt nok utgreidde, og det er viktig at det alt i lovproposisjonen blir slått fast at lova skal evaluerast etter til dømes fire år. Då kan det vurderast om dei gode tiltaka i lovverket blir følgde opp, og om det må setjast i verk andre tiltak for å styrkja språka våre.

Grunnleggjande omsyn

I gjeldande norsk språkpolitikk er det eit mål å styrkja nynorsken og nynorskbrukarane si stilling. Til grunn for arbeidet med språklova ligg Stortingmelding nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Der finn me *prinsippet nynorsk* (s. 82):

Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte. Det normale vil då vera at nynorsken blir rekna med.

Attåt denne ligg Stortingsmelding nr. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft — Kulturpolitikk for framtida* til grunn. Stortingsmeldinga ser rikdomen Noreg har i dei to norske skriftkulturane bokmål og nynorsk, og ser at nynorsk er under press frå både bokmål og engelsk (s. 41–42). Dette er av dei viktigaste språkpolitiske prinsippa i meldinga:

Det er behov for ein overordna og aktiv språkpolitikk som balanserer maktforholda mellom ulike språklege hegemoni. I nokon grad kan ein overordna strategi gjelde alle språka generelt, i andre samanhengar er det viktig å målrette tiltak overfor kvart enkelt språk. (s. 42)

Då Stortinget handsama meldinga, slutta Familie- og kulturkomiteen seg til dette og understreka samstundes at nynorsk som mindre brukt språk trong målretta tiltak:

Flertallet er positive til at meldingen anerkjenner rikdommen Norge har med to norske skriftkulturer og skriftspråk – nynorsk og bokmål. Flertallet mener at i arbeidet med den kommende språkloven og språkmeldingen er det viktig med målrettede tiltak som bedrer situasjonen for nynorsk og nynorskbrukerne, som er i mindretall.

I vurderinga vår av utkastet til lov og høyringsnotat legg Litteraturselskapet vekt på om framlegga styrkjer nynorsken. Dessutan legg me vekt på dei fire punkta me spelte inn i notatet vårt datert 21. mai 2019:

- Norsk, med skriftsspråka bokmål og nynorsk, skal vera samfunnsberande.
- Språkleg mangfald er positivt for norsk kultur og samfunnsliv.
- Språkpolitikken må ta utgangspunkt i språkbrukarane og deira behov.
- Offentleg sektor har eit særleg ansvar for å gjera språkbrukarane trygge i eige språk.

Formålet til lova og statusen til språka (§§ 1, 4, 5, 6 og 7)

Litteraturselskapet er glade for at formålsparagrafen gir alle offentlege organ eit tydelegare ansvar for norsk språk, dei samiske språka, romani, romanes, kvensk og norsk teiknspråk. Det er bra at departementet slik lovfestar den sektorovergripande språkpolitikken, og med det legg eit godt grunnlag for framtidig språkpolitikk.

Litteraturselskapet stør heilhjarta intensjonen om å sikra norsk (nynorsk og bokmål) som *fullverdig og samfunnsberande* språk i lova. Dette trengst meir enn nokon gong i ei tid der engelsk tek meir og meir plass frå norsk på mange samfunnsområde, og der presset på nynorsk frå bokmål er stort. Litteraturselskapet trur likevel at det er klarare å nytta omgrepet *hovudspråk*, slik også Språkrådet foreslår. Språkrådet sitt samla framlegg til endringar i paragraf 1 og 4 gir ei betre og klarare regulering.

Me stør at statusen til norsk (nynorsk og bokmål) som forvaltningsspråk blir lovfesta i paragraf 4, men meiner at dette ikkje er tilstrekkeleg. Me skriv meir om dette under *Fagspråk*.

På same vis er det sær s bra at departementet foreslår ei naudsynt omgrepsopprydding for nynorsk og bokmål. Det er rettare å nytta omgrepa *språk* og *skriftspråk* enn omgrepet *målform*, og ved å nytta klarare omgrep vil lova auka statusen til språka. Dette er særleg viktig for nynorsken og nynorskbrukarane i mindretal. Denne oppryddinga kan ikkje stogga med språklova, men må følgjast opp i andre lover og styringsdokument. Det er særleg viktig i skulen og i høgare utdanning.

Ein merknad til omgrepsbruken er at nynorsk og bokmål ikkje berre er skriftspråk, men også i varierende grad blir nytta som talespråk i media, teater og andre domene.

Me er særleg nøgde med at ansvaret alle offentlege organ har for å fremja nynorsk, er inne i formålsparagrafen, og at det offentlege skal vurdere fleire tiltak som styrker nynorsk enn dei som er naudsynte for å stetta krava i kapittel 2. Det er bra at ein på denne måten får klarare fram at det minst brukte språket treng målretta tiltak.

Verkeområdet til lova (§§ 3, 11, 12, 14, 15, 16, 17, 18 og 19)

Litteraturselskapet stør framlegga om å utvida verkeområda til lova, både ved å utvida dokumentdefinisjonen og å inkludera alle offentleg tilknytte organ i verkeområdet til lova. Ein veikskap med dagens mållov er nettopp at verkeområdet er for upresist definert, og dette framlegget går eit langt steg i rett retning.

Me meiner likevel at utkastet til lov burde vore tydelegare og hatt eit endå vidare verkeområde.

Lova er framleis for upresis om tenester som er utførte av private rettssubjekt på vegner av det offentlege. Språkreglane i det offentlege skal følgja oppgåva, ikkje organisasjonsforma. Dette gjeld til dømes i samferdsels- og helsesektoren. For den enkelte språkbrukar er det forvirrende og urimeleg at staten kan organisera seg vekk frå språkansvaret sitt. Me stør Språkrådet sitt framlegg til tillegg til paragraf 3 om at private tenesteorgan som driv tenesteyting på vegner av det offentlege, også må omfattast av språklova.

Særlovsorgan og særlovsselskap som Norsk Tipping, studentsamskipnadane og Vinmonopolet er i varierende grad underlagde mållova i dag. I samband med lovarbeidet og språkmeldinga bør dette ryddast opp i, og desse aktørane bør vera underlagde språkreglane i staten. Viss det vanskeleg let seg gjera i språklova, bør det koma inn som ein hovudregel i språkmeldinga og følgjast opp i samband med revidering av dei ulike særlovene.

Høyringsnotatet har to alternativ for regulering av fylkeskommunane. Me meiner fylkeskommunane skal vera underlagde språklova. Alternativ 1 i paragrafane 3, 11, 12, 14, 15, 16, 17, 18 og 19 er det framlegget som best tek vare på intensjonane om at ei ny, heilskapleg språklov skal føra til meir nynorsk og eit sterkare vern av det minst brukte skriftspråket. Dette blir viktigare i samband med regionreforma sidan fylkeskommunane har teke over fleire oppgåver frå staten.

Fylkeskommunane er dessutan skuleeigarar, og dei vidaregåande skulane er ein av dei viktigaste arenaene unge har for å bli trygge språkbrukarar. Viss medvitet om språkpolitikk blir større i fylkeskommunane, kan det vonleg gjera det lettare å vera ung nynorskbrukar i den vidaregåande skulen.

I kvardagen er innbyggjarane mest i kontakt med dei lokale og regionale delane av det offentlege – som kommunane, fylkeskommunane, NAV og dei regionale helseføretaka. Blir alternativ 1 vedteke, er kommunane blant dei få delane av det offentlege som det ikkje blir stilt språkkrav til, utover formålsparagrafen. Det er ein veikskap med framlegget at det ikkje er noka utgreiing av om det bør vera språkreglar også for kommunane.

Eit minstekrav om at kommunar med nynorske skulekrinsar eller nynorskelevar skal ha ein språkbruksplan, slik mellom anna Nynorsk kultursentrum har foreslått, vil styrkja brukarane av det minst nytta språket utan å på nemnande vis gjera det kommunale sjølvstyret mindre. Litteraturselskapet foreslår at det blir lovfesta at kommunar som har minst éi elevgruppe eller éin skule med nynorsk etter § 2-5 i opplæringslova, skal vedta ein språkbruksplan som tek særleg omsyn til nynorskbrukarane.

Dersom lova blir utvida til same verkeområde som offentleglova, vil ho gjelda fleire rettssubjekt som har språkpolitisk formål, mellom anna Det Norske Teatret, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og Nynorsk kultursentrum. Desse einingane bør anten direkte i lova eller i forskrift få fritak frå kravet om språkveksling, både i administrativ drift og i materiell til skulebruk.

Rettskriving og namn (§§ 10 og 18)

Litteraturselskapet meiner det er svært viktig at offentlege organ skal følgja offisiell rettskriving, og at Språkrådet forvaltar dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk. Me har alltid meint at nynorsk og bokmål skal styrast demokratisk gjennom offentleg normering, og at det framleis bør vera Språkrådet som er ansvarlege for normering på grunnlag av vitskaplege språkdata.

Me minner om at det i språkmeldinga må koma tiltak som bidreg til å byggja opp eit vitskapleg leksikografisk miljø som forvaltar språksamlingane. Dette miljøet bør ha det vitskaplege ansvaret for språkleg grunnlagsdata til bruk i normering av både nynorsk og bokmål.

Det er vidare viktig at statsorgan får plikt til å be Språkrådet om råd før det blir gjort vedtak om nye/endra namn. Det same bør gjelda fylkeskommunar og kommunar.

Veksling mellom nynorsk og bokmål (§§ 12 og 15)

Litteraturselskapet er i stort positive til at det kjem oppdaterte reglar for språkveksling mellom nynorsk og bokmål. Samstundes ser me at dei nye reglane har nokre uheldige utslag for nynorskbrukarane. Hovudmålet med endringane må vera å

oppfylle formålet om at offentlege organ skal styrkja det minst brukte skriftspråket, og då kan ikkje dei nye reglane føra til mindre nynorskbruk.

Det kan skje, til dømes i Rogaland og Valdres, om dei nye reglane for fleirtalsspråk i paragraf 15 går gjennom utan endringar. Desse regionane har i dag nynorsk fleirtalsspråk, men blir etter dei nye reglane nøytrale. I Viken vil dei tre nynorskkommunane i Hallingdal koma inn i eit fylke som skal skriva berre på bokmål, bortsett frå i skriv direkte til desse tre kommunane.

Språkrådet har i sitt høyringssvar omarbeidd framlegget til paragraf 12, der dei freistar å bøta på dette ved å gjera reglane nynorskspesifikke og å endra prosentgrensa. Litteraturselskapet stør Språkrådet sitt framlegg til vekslingsreglar og er samde i at fleirtalsspråket bokmål ikkje treng same type vern i lovverket.

Viss det ikkje let seg gjera, ber me om at språkvekslingsreglane på 25 og 10 prosent må gjelda uavhengig av fleirtalsspråket, og at 10-prosentsregelen blir skriven inn i lova. Det bør òg opnast for at fylkeskommunar som vedtek språkbruksplanar, kan bruka meir nynorsk enn lova føreset.

Parallell bruk av nynorsk og bokmål (§ 13)

Litteraturselskapet er positive til at reglane for parallell bruk av nynorsk og bokmål er oppdaterte i tråd med den digitale utviklinga. Me meiner det må koma klart fram i lovarbeidet at parallellbruk ikkje kan vera med i utrekninga av språkveksling, og at dette dermed kjem i tillegg.

Det er også trong for ein vidare definisjon av «til bruk i skulen». Det er til dømes ei lang rekkje dokument som er mykje i bruk i skulen sjølv om dei ikkje berre har skulen som primærmålgruppe. Dette kan til dømes vera informasjon om helse og kost frå Helsedirektoratet. Slikt materiell bør vera omfatta av lova.

Det bør vera sjølv sagt at alle aktørar (private/ideelle) som får stønad frå det offentlege til å utvikla informasjonsmateriell og anna til skulen, får krav om at dette skal utarbeidast på både nynorsk og bokmål.

Det er uklart kva som i dag er «læremiddel» og dermed kjem inn under kravet om både nynorsk og bokmål. I dag er dette kanskje den største utfordringa (det største hinderet) for at nynorskelevar skal ha ein språkleg jamstilt skulekvardag. Dette gjeld m.a. digitale verktøy (program og app-ar) og digitale tenester frå private leverandørar. Denne problematikken må drøftast i samband med ny språklov. Formålet med og prinsippa for språklova må også påverka regelverket som gjeld utdanning.

Retten til eksamen på eige skriftspråk må vidareførast. Uavhengig av kva verkeområde språklova får, må denne retten gjelda alle akkrediterte utdanningsinstitusjonar som tilbyr høgare yrkesfagleg utdanning (fagskular) og høgare utdanning, og som er eigd av eller får støtte frå det offentlege.

Krav til skrivekompetanse (§ 16)

Litteraturselskapet er usamde i at det ikkje lenger skal vera ei tenesteplikt for statstilsette å meistra både nynorsk og bokmål. Endringa departementet foreslår i utkastet og høyringsnotatet, er knapt utgreidd, og det er ikkje sagt noko utfyllande om kva følgjer dette kan få for nynorsken og nynorskbrukarane.

Den nye språklova bør også stø opp under heilskapen i den norske språkpolitikken ved å vidareføra plikta den einskilde tilsette etter mållova har til å bruka både bokmål og nynorsk i arbeidet sitt i statsorgan. Ordlyden i paragrafen bør sikra at det er både ei institusjonsplikt og ei tenesteplikt å bruka både bokmål og nynorsk etter reglane i dette kapittelet. Litteraturselskapet meiner det heller bør vera ein unntaksregel for særlege tilfelle, så lenge organa samla sett har den skrivekompetansen som trengst for å oppfylla kravet i første ledd.

Språkrådet (§ 18)

Litteraturselskapet stø ei lovfesting av mandatet til Språkrådet. Me meiner dessutan at det ansvaret Språkrådet allereie i dag har for fagspråk og terminologi, bør lovfestast.

At Språkrådet blir lovfesta som *forvaltningsorgan*, må ikkje gi ei mindre fri stilling enn det organet har i dag som *fagorgan*. Departementet bør vurderer om Språkrådet bør få ei lovfesta fagleg uavhengig stilling. Som eit minimum må dette omtalast i proposisjonen.

Fagspråk

Rapporten *Språk i Norge* viser gjennom modellen «Det fagspråklige kretsløpet» at utvikling og vedlikehald av fagspråk er avgjerande for å sikra eit fullverdig og samfunnsberande språk som kan brukast i alle delar av samfunnslivet, på alle bruksområde. Samstundes veit me at norsk fagspråk er under press frå engelsk, og at nynorsk fagspråk har ein sær sars veik posisjon, noko som også blir slått fast i høyringsnotatet.

Det einaste lovvernet fagspråket har i dag, er i universitets- og høgskulelova (§ 17). Litteraturselskapet meiner at det offentlege sitt ansvar for norsk fagspråk og terminologi må lovfestast i språklova, og at det offentlege må setja i verk fleire tiltak for å styrkja norsk fagspråk, og nynorsk fagspråk spesielt.

Tilsvarande lovvern for fagspråk og terminologi finst i andre land. Det er viktig at ein slik paragraf nemner både nynorsk og bokmål. Det er uheldig at dei to skriftspråka ikkje er nemnde i paragrafen i universitets- og høgskulelova.

Litteraturselskapet stø Språkrådet sitt framlegg til ny paragraf for fagspråk og terminologi, og grunngevinga der.

Vidare må det i språkmeldinga koma offensive tiltak for å styrkja norsk fagspråk, særleg fagspråk på nynorsk. Litteraturselskapet vil særleg peika på støtteordninga til

Lærebokutvalet for høgare utdanning. Me viser til vedlagde notat der me har oppsummert denne ordninga (notata frå Samlaget til KD dato 15.05.2019 og 15.11.2019).

Støtteordninga blei oppretta i 1984 med formålet å støtta «utgjeving av nynorske lærebøker til høgare utdanning for å betra den språklege jamstillinga for bøker på dette nivået, og generelt til produksjon av lærebøker i små opplag (...)». I retningslinjene fastsette av Kultur- og vitskapsdepartementet 10.09.1986 heiter det at Lærebokutvalet «skal prioritere lærebøker som dekker et mangelområde innen høgere utdanning, lavopplagsbøker og basisutgaver på nynorsk».

Oversikt over tildelingar i Lærebokutvalet viser at ordninga knapt bidreg til fleire utgivingar på nynorsk (NIFU 2016). Grunnen til dette er at søknadsprosedyren i dag er slik at det er utelukka å søkja om støtte til bøker på fagfelt med store studentgrupper. Dermed blir det for eksempel ikkje laga bøker på nynorsk på større fag som helse- og sosialfag. Tildelinga for første halvår 2019 viser den same utviklinga: Av dei 45 bokprosjekta som har fått tildelt støtte, er 4 på nynorsk.

Det er uheldig at støtteordninga er blitt svekka som språkpolitisk verkemiddel. Litteraturselskapet meiner at ordninga må attende til det opphavelige formålet, slik at støtte blir gitt til lærebøker på samisk, til lærebøker på nynorsk og til lærebøker på innføringsnivå som kjem i små opplag. Bøker på samisk og nynorsk må prioriterast. Skal ordninga ha ein språkpolitisk effekt, må nynorsk favoriserast framfor bokmål. Det må vera eit mål at fleire forlag enn Samlaget bidreg til å halda ved like nynorsk fagspråk ved å gi ut lærebøker for høgare utdanning på nynorsk. Det er også behov for at det blir utgitt lærebøker på norsk generelt på fagfelt som i dag er dominerte av engelsk, som ingeniørfag og realfag. Det er derfor behov for å styrkja denne tilskotsordninga.

Tilgang til språk

Den islandske språklova (§ 2) og den svenske språklova (§§ 14 og 15) lovfestar retten den einskilde innbyggjaren har til tilgang til språk. Paragrafane i den svenske språklova handlar om retten til å læra seg, utvikla og bruka hovudspråket i landet og gir dei språklege minoritetane (til dømes teiknspråkbrukarane) rett til tilgang til sine språk.

Det er leitt at det ikkje er greidd grundigare ut i høyringsnotatet korleis slike rettar til *tilgang til språk* kunne ha vore innarbeidde i språklova. I høyringsfråsegna set departementet rett nok ansvaret for å *fremja* eit språk i samanheng med å «gje tilgang til språket utover det som følgjer av særlovgevinga» (s. 19).

Litteraturselskapet meiner at alle i Noreg burde ha rett til å få tilgang til norsk som samfunnsberande hovudspråk i Noreg. Å ha tilgang til norsk – både nynorsk og bokmål – er ein føresetnad for å kunna ta del i det norske samfunnet og vera del av

demokratiet. Litteraturselskapet vil derfor ha eit tillegg i paragraf 4, første ledd, i tråd med tilrådinga frå Språkrådet, men også nemna nynorsk og bokmål:

«Alle som er busette i Noreg, skal ha tilgang til norsk språk, både nynorsk og bokmål.»

Høve til handheving og oppfølging av lova

Litteraturselskapet meiner at lova må få eit tillegg som gir Språkrådet høve til å gi forvaltningsbøter for brot på reglane om veksling mellom bokmål og nynorsk. Modellen som Difi forvaltar for brot på regelverket om universell utforming av IKT-løysingar, kan vere ein god modell også i denne lova. Det er uheldig at dette ikkje er greidd grundigare ut i høyringsnotatet, særleg når me veit at dagens mållov blir følgd i svært varierende grad.

Få år etter at lova er tredd i kraft, bør Språkrådet få i mandat å gjennomføra ei breiast mogleg undersøking av korleis innføringa av lova har gått for seg, korleis dei ulike tiltaka slår ut, og om det eventuelt er naudsynt med fleire tiltak. Viss sanksjonar ikkje blir innførte i denne omgang, vil ei slik evaluering vera eit godt høve til å vurdera dette på nytt.

Samfunnsberande språk i ei digital framtid

Litteraturselskapet har tidlegare peika på at det trengst ei meir heilskapleg innhenting av språkdata, og at slike data må vera tilgjengelege i Språkbanken til Nasjonalbiblioteket for at utvikling av digitale tenester skal skje på både nynorsk og bokmål. I innspelsnotatet vårt (datert 21. mai 2019) spelte me inn at alle offentlege organ og verksemder bør påleggjast å pliktavlevera tekst til Språkbanken. Det kan henda at språklova ikkje er staden for eit slikt påbod, men dette bør utan tvil følgjast opp i språkmeldinga.

På vegner av
Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Kari Bjørke
styreleiar

Vedlegg 1.

Lærebokutvalet for høgare utdanning

Notat frå Litteraturselskapet til Kunnskapsdepartementet, 15.11.2019

Bakgrunn

Forlag som gir ut bøker på nynorsk, på mangelområde eller bøker i veldig små opplag, tek store sjansar, og derfor må støtteordningane vere gode. Lærebokutvalet blei oppretta nett for å stimulere til produksjon av slike bøker, noko dei første retningslinjene for Lærebokutvalet for høgare utdanning (fastsette av Kultur- og vitskapsdepartementet 10. september 1986) tydeleg viser:

*5. Lærebokutvalet for høgare utdanning skal ved behandling av søknadene prioritere søknader til lærebøker som dekkjer **eit mangelområde innanfor høgare utdanning, lågopplagsbøker og basisutgåver på nynorsk.***

Vurdering

Over tid er ordninga blitt berre ei ordning for lågopplagsbøker: Så langt i år har to nynorskbøker fått stønad frå Lærebokutvalet, resten går til lågopplagsbøker på bokmål. Hovudgrunnen er tolkinga av retningslinjene og endring av søknadsskjemaet, som gjer det umogeleg å søke på stønad til nynorskbøker innanfor fag med mange studentar, då skjer det automatisk at prosjekta ikkje har rett på stønad. Fasiten er at det nesten ikkje kjem ut bøker på nynorsk, og derfor fungerer ikkje Lærebokutvalet som eit føremålstenleg verktøy for å betre den språklege jamstillinga.

Tiltak:

- *på kort sikt:* KD bør legge inn føring til DIKU/Lærebokutvalet i tildelingsbrevet for 2020 om at grunnleggande innføringsbøker på nynorsk og samisk skal prioriterast, også for store fagområde (ref. notatet vårt om at praksis har fjerna seg frå opphavleg føremål med ordninga). Det bør nok vere eit eige søknadsskjema for bøker på nynorsk og samisk.

- *på lang sikt:* Norsk fagspråk er avhengig av monaleg større støtte. Dette gjeld samisk, og det gjeld norsk – både bokmål og nynorsk. Men for at nynorsken skal få den støtta som trengst for at nynorskbrukarar skal ha tilgang til nynorsk i dei fleste/større faga, og for at det skal finnast nynorsk fagspråk innanfor dei fleste fagområde, så må nynorsk ha særskilt støtte. Derfor foreslår vi følgande tiltak:

- Ei slik støtte må inn i budsjettarbeidet – gjennom ein auke i løyvinga.
- Kriteria for tildeling /nynorskvote eller liknande må klargjerast.
- Språkrådet bør ha ein representant inn i Lærebokutvalet, og forlagsbransjen bør ikkje sitje der.
- Ein bør vurdere ei støtteordning der bøker på samisk og nynorsk er sikra støtte, det vil seie ein enklare variant av underskotsgarantien som er brukt mellom anna i støtte til norsk film. Her kan ein tenkje seg at ein i visse tilfelle, når eit bokprosjekt har to konsulentfråsegner som går god for det faglege nivået på boka, og det er behov for boka som automatisk utløyser støtte, betaler tilbake heile eller delar av støtta dersom boka tener inn ein viss sum.

Vedlegg 2.

Notat frå Samlaget til Kunnskapsdepartementet

15.05.2019

1. Norsk fagspråk er viktig

Ei rekkje dokument, m.a. meldinga *Humaniora i Norge* (2017) og språkmeldinga *Mål og mening* (2008), har slått fast kor viktig det er at norsk fagspråk blir vidareutvikla. Språkmeldinga viser vidare til at det er i høgare utdanning kampen om nynorsken kjem til å stå. Med ny merksemd om norsk fagspråk er det liten tvil om at dette framleis gjeld. Det norske fagspråket er trua, og då er det nynorske fagspråket endå meir trua. Rapporten *Språk i Norge* har vist tydeleg kor viktig UH- og fagskulesektoren er for utviklinga og vedlikehaldet av fagspråk gjennom modellen «Det fagspråklige kretsløpet».

Det er viktig at det finst ei støtteordning som utløyser gode nok insentiv til at det kjem bøker på nynorsk til dei store fagområda, slik at det vert ei faktisk støtte til utvikling og vedlikehald av nynorsk fagspråk. Berre slik kan det sikrast at nynorsk fagspråk er med i heile kretsløpet, slik at mellom anna unge i vidaregåande skule kan sikrast lærebøker med nynorsk fagspråk. Støtteordninga for utgiving av lærebøker på norsk til bruk i høgare utdanning må derfor styrkast. Ordninga må ta omsyn til at det er stor mangel på nynorskbøker på mange område.

2. Dagens tilskotsordning for lærebøker i høgare utdanning

Ein gjennomgang vi har gjort av ordninga, viser at tilskotsordninga har endra seg, først og fremst ved at kriteria for fordeling har blitt gradvis endra. Nynorskbøkene har kome stadig dårlegare ut. Vilåret om å prioritere nynorske og samiske bøker blir praktisert innanfor rammer som gjer at det mest ikkje har effekt. Lågooplagsbøker blir definerte på ein måte som gjer at mest alle bøker kjem innanfor, og ordninga, med ein avgrensa totalsum, er blitt ei støtteordning for *alle* norskspråklege bøker.

Når det er mange bøker å dele på, blir støtta til nynorskbøker svært lita. Svært mange norskspråklege utgivingar fortener støtte, men det er ein større mangel på – og dermed behov for fleire – bøker på nynorsk, for å oppretthalde nynorsk fagspråk på dei mest sentrale områda. Vidare blir det ved støtteutrekninga (-fordelinga) ikkje teke omsyn til at potensielle salstal for nynorskbøker er vesentleg lågare enn for bokmålsbøker (dette fordi det er færre nynorskbrukarar, og fordi det finst ein viss motstand mot å ha nynorskbøker som pensum). Lærebokutvalet vurderer elles ikkje at bøker innanfor mangelområde eller innføringsbøker har krav på støtte i seg sjølve, men må konkurrere med bøker som kan dekke område der det er norskspråklege frå før. Denne utviklinga vil vi hevde samla sett er i strid med Stortingets intensjonar med ordninga.

Den er også i strid med departementet sine retningslinjer for ordninga (refererte til i NIFU-rapporten 2016). Vi er ikkje sikre på om desse retningslinjene no er oppheva (i og med at Diku/Lærebokutvalet har fastsett nye i 2018/2019), og kva rammer som no gjeld for Lærebokutvalet.

Det er vidare total mangel på nynorskbøker på ein del fagområde – uavhengig av moglege salstal. Utgivingar her er så risikofylte at det ikkje vil bli utgivingar utan støtte. Samtidig er det her potensialet – og behovet – for nynorsk er stort, og dermed også her ein har moglegheit til å spreie nynorsk fagspråk. (Her er det ein viss risiko for at bøkene kan oppnå gode salstal. For å sikre at det ikkje blir gitt tilskot til bøker som viser seg å bli ein salssuksess, kan det innførast eit krav om tilbakebetaling dersom salstala kjem over eit visst nivå (dvs. ein enklare variant av underskotsgaranti som er brukt m.a. innan støtte til norsk film).)

Samlaget har styrkt satsinga vår på lærebøker for høgare utdanning. Dette er mellom anna for å kome i møte påpeikinga til NIFU om at ordninga har avgrensingar m.a. knytt til at det er få søknader og tildelingar for utgivingar på nynorsk og samisk. Derfor er det svært problematisk at vi samtidig opplever ei utvikling der lærebokstøtta blir mindre og mindre tilgjengeleg for oss.

Vi meiner statsbudsjettframlegget frå regjeringa må fastsetje formålet med ordninga med tilskot til lærebøker for høgare utdanning, hovudkriteria for tildelinga og storleiken på løyvinga.

Forslag: Tilskota til lærebøker for høgare utdanning har som føremål å støtte utgiving av lærebøker på norsk og samisk og å betre den språklege likestillinga for lærebøker i høgare utdanning. Støtte kan givast til lærebøker på samisk, til lærebøker på nynorsk i fag der det er mangel på nynorske bøker, og til lærebøker på innføringsnivå som kjem i små opplag. Bøker på samisk og nynorsk skal prioriterast.

Dette vil vere best i samsvar med det som var føremålet med tilskotsordninga då ho blei oppretta i 1984: «Løyvinga er mynta både på utgjeving av nynorske lærebøker til høgare utdanning for å betra den språklege jamstillinga for bøker på dette nivået, og generelt til produksjon av lærebøker i små opplag.» (St.prp. nr. 1 1986–87, kap 332 post 70)

Løyvinga til tilskot til lærebøker for høgare utdanning for 2018 var på 5,7 mill. kroner. Behovet er monaleg større. Det er derfor behov for ein opptrappingsplan.

Lærebokstøtta – høgare utdanning: ei kort oppsummering

Lærebokutvalet for høgare utdanning

1984: Ordninga etablert.

1985: Løyving 3,6 mill. Rapportering (i bud.prop. for 1987): «Ein stor del av løyvinga gjekk til Universitetsforlaget som støtte til utgjeving av lågopplagsbøker. Ein del av løyvinga gjekk til lågopplagsbøker elles og til utgjeving av nynorske lærebøker.»

1986: Løyving 4 mill.

Retningslinjer for Lærebokutvalet for høgare utdanning vart fastsette av Kultur- og vitenskapsdepartementet 10.9.1986. Eit lærebokutval på 5 medlemmer oppnemnt av departementet fordeler og fører tilsyn med ordninga.

Pkt. 5: «Lærebokutvalget for høgare utdanning skal ved behandling av søknadene prioritere søknader til lærebøker som dekkjer et mangelområde innan høgare utdanning, lavopplagsbøker og basisutgaver på nynorsk.»

Søknader skal sendast inn på skjema som utvalet fastset, og utvalet skal også foreslå nærare retningslinjer for arbeidet sitt. Desse skal godkjennast av departementet. Desse *Foreløpige retningslinjer for tildeling av støtte til utgivelse*, godkjent av departementet 12.1.1987, fastset bl.a.: «Lærebokutvalget fastsetter hovedkriterier for hver tildeling på grunnlag av pkt. 5 i retningslinjene for lærebokutvalget. Fordelingen på de enkelte prioriterte områdene fastsettes når utvalget har oversikt over den totale søknadsmassen.» Søknadsskjemaet slo fast at «[n]ormalt kan det søkes støtte når salgsinntektene ikke dekkjer inn egne produksjonsutgifter og forlagsutgifter». Skjemaet hadde bl.a. spørsmål om årleg studenttal i faget, «antatt studentgrunnlag». «Salgbart nett-opplag» blei berekna til 60 prosent av antatt studentgrunnlag x 3 år salsperiode.

1987: St.prp. nr. 1 1986–87, kap 332 post 70 Tilskott til utgjeving av lærebøker. «Denne posten vart oppretta på budsjettet for 1984. Løyvinga er mynta både på utgjeving av nynorske lærebøker til høgare utdanning for å betra den språklege jamstillinga for bøker på dette nivået, og generelt til produksjon av lærebøker i små opplag, jf. Merknad under rapport om verksemda.»

Innstillinga frå Stortingskomiteen (Budsjettinnst. S. nr. 12 – 1986–87): «Komiteen legg vekt på at det også i denne ordninga blir tatt særleg omsyn til utgjeving av lærebøker på nynorsk.»

?: sekretariatet for utvalet blei flytta frå departementet til Norgesnettrådet.

?: Utvalet ikkje lenger oppnemnt av departementet.

1998: Statsbudsjettet – 6,141 mill. kroner: «Forslaget gjelder både tilskudd til utgivelse av nye lærebøker på nynorsk og samisk for å betre den språklige likestillingen og generelt til produksjon av lærebøker i små opplag.»

2004: Løyving på 4,5 mill. (opphavleg framlegg: 7,5). Lærebokutvalet uttrykte bekymring og varsla om store utfordringar når det gjeld prioritering av søknadene.

Universitets- og høgskolerådet (UHR) overtok ansvaret for sekretariatet for lærebokutvalet (frå Norgesnettrådet), og styret i UHR fekk i oppgåve å nemne opp utvalet. I årsrapport for 2003 skriv UHR at dei har arbeidd med innstramming av

kvalitetskrav til søknader. Utvalet drøfta m.a. om det i periodar bør prioritere «enkelte fagområder der det er tydelig mangel for litteratur».

«Lærebokutvalet for høgre utdanning har til oppgåve å fordele dei midlane som kvart år blir løyvde av Stortinget til utgiving av lærebøker for høgre utdanning. Utvalet skal medverke til å betre den språklege likestillinga for lærebøker innanfor høgre utdanning ved å prioritere søknader til lærebøker som dekkjer eit dokumentert mangelområde, lågopplagsbøker og basisutgåver på nynorsk og samisk. Departementet foreslår å leggje forvaltninga av tilskottet til utgiving av lærebøker til Universitets- og høgskolerådet, jf. kap. 281 post 78.»

2005: Budsjettforslaget frå regjeringa: «UHR har frå 2004 forvalta tilskottet til utgiving av lærebøker. Tilskottsordninga for utgiving av lærebøker i høgre utdanning er evaluert i 2004. Det blir foreslått å avvikle ordninga i 2005. Midlar til utgiving av lærebøker på samisk blir ført vidare med kr 500 000. Sjå nærmare omtale under kap. 274.»

2005-budsjettet – komitéinnstillinga: «Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti, Venstre og representanten Simonsen, viser til budsjettavtale for 2005 hvor det er enighet om å opprettholde tilskuddsordningen for lærebøker innen høyere utdanning. Flertallet foreslår å bevilge 4 mill. kroner til denne tilskuddsordningen i 2005. Flertallet vil peke på betydningen av denne tilskuddsordningen for tilbudet av norskspråklig pensumlitteratur i fag med et lavt antall studenter. Universitets- og høgskolerådet forvalter ordningen.»

2005: Budsjett 4 mill.

Reviderte retningslinjer fastsette av Utdannings- og forskningsdepartementet 27.5.2005 (justerte 2007): «Utvalget skal prioritere søknader til lærebøker som dekker et mangelområde innen høyere utdanning, lavopplagsbøker og basisutgaver på nynorsk. Lærebøker på innføringsnivå skal prioriteres.» Dette er av utvalet tolka til å bety at nynorsk (og samisk) skal prioriterast, men at det ikkje primært er ei støtteordning for bøker på nynorsk (og samisk).

Lærebokutvalet kan fastsetje utfyllande retningslinjer for arbeidet med behandling av søknader. 1.1.2007 fastsette Lærebokutvalet kriterium for tildeling av produksjonsstøtte.

2006: 4,1 mill. kroner til Universitets- og høgskolerådet: «UHR har frå 2004 forvalta tilskottet til utgiving av lærebøker. Tilskottsordninga for utgiving av lærebøker i høgre utdanning er evaluert i 2004, og ordninga vart vidareført i 2005.»

2007: «Departementet foreslår ei løyving på 12,2 mill. kroner til Universitets- og høgskolerådet i 2007, hvorav 4,2 mill. kroner er øremerkt tilskott til utgiving av lærebøker.»

2008–2016: øymerkt løyving til UHR, med øymerking av tilskott til utgiving av lærebøker. Løyvinga gradvis auka frå 4,3 mill. til 5,5 mill.

NIFU¹ beskriv ordninga slik: «Lærebokutvalget for høyere utdanning er et utvalg som fordeler de midlene Stortinget setter av på statsbudsjettets kap. 281 post 78 Tilskudd til utgivelse av læremidler. I Kunnskapsdepartementets Retningslinjer for tildeling av støtte til utgivelse av læremidler for høyere utdanning heter det at Lærebokutvalget

¹ <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/2394382>

skal prioritere søknader til læremidler som dekker et mangelområde innen høyere utdanning, lavopplagsbøker og basisutgaver på nynorsk. Læremidler på innføringsnivå skal prioriteres. I 2016 er det satt av 5 454 000 kroner til ordningen. Lærebokutvalget har normalt to tildelingsmøter i året.

Tilskuddene går til forlagene som produksjonsstøtte til utgivelsesprosjekter som forlagene beregner at ikke vil være regningssvarende. Lærebøker i små opplag på innføringsnivå prioriteres, særlig lærebøker på nynorsk for å bedre den språklige likestillingen.

Den relative betydningen av tilskuddene kommer fram hvis man sammenligner med Forleggerforeningens bransjestatistikk for 2014. Da ble det gitt ut 324 nye og reviderte lærebøker for høyere utdanning. Av disse fikk 66 titler støtte fra Lærebokutvalget, altså en femtedel av bøkene. Støtten fra Lærebokutvalget utgjorde i 2014 omtrent 4,5 millioner kroner. Det tilsvarer ca. 2 % av de totale salgsinntektene fra lærebøker for høyere utdanning fra de akademiske forlagene.»

NIFU-rapporten konkluderte bl.a. med at ordninga er «[e]ffektiv i forhold til ressursbruk, organisering og fastsatte mål, [v]iktig i forhold til behov og formål». Vidare påpeikar dei at ordninga har avgrensingar m.a. knytte til at det er få søknader og tildelingar for utgivingar på nynorsk og samisk.

2017. I regjeringa si Humaniora-melding² heiter det mellom anna:

«6.1 Hvorfor er språk viktig?

Språk er vårt fremste kulturuttrykk. Språket er allestedsnærværende i menneskets bevissthet og uløselig knyttet til vår evne til å danne abstrakte begreper. Innenfor realfag og teknologi snakkes det ofte om matematikk som et grunnlagsfag. Matematikk er både redskap, verktøy, nøkkel til forståelse og ofte selve språket som problemer uttrykkes i. Tale- og skriftspråket er enda mer grunnleggende. Det overordnede målet for norsk språkpolitikk er å sikre at norsk språk er samfunnsbærende. Det gjelder begge målformene, bokmål og nynorsk. Norsk språks samfunnsrelevans ligger i at det er vårt nasjonalspråk, administrasjonsspråk og forsknings- og formidlingsspråk. Alle samfunnsmedlemmer, også de med et annet morsmål, vil i en eller flere sammenhenger være avhengig av å bruke norsk. Derfor er norsk språk i seg selv en infrastruktur i samfunnet. Det bærer vår kollektive hukommelse og skal kunne brukes til å uttrykke tanker og ideer om alle sider ved tilværelsen. Norsk språk, både bokmål og nynorsk, trenger derfor både å dokumenteres, forvaltes og brukes som kultur- og kunnskapsspråk.

.....

For at forskere skal kunne delta i en offentlig samtale med det samfunnet som betaler for forskningen, må norsk fagspråk videreutvikles og brukes. Det er avgjørende for hvor godt demokratiet fungerer at vi utvikler en kunnskapsbase på vårt eget språk. Tradisjonell forskning om norsk språk er mer relevant for næringsutvikling enn noen gang tidligere. Forskning med utgangspunkt i språklig empiri er avgjørende for å lage alle typer ordbøker og forvalte rettskrivningen og for å utvikle ulike språkteknologiske verktøy, blant annet til bruk i velferdssektoren.

²

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e51d8864c32248598e381e84db1032a3/no/pdfs/stm201620170025000dddpdfs.pdf>

.....

6.4 Norsk som vitenskapsspråk

.....

Læremiddelstøtten til høyere utdanning har som formål å sikre utgivelse av lærebøker på norsk og samisk også der det ikke er kommersielt interessant. Den bidrar til at det kan utgis flere lærebøker på norsk også på relativt smale fagområder med små studentgrupper. Ordningen er nylig evaluert og vil bli videreført.»

«Tiltak: videreføre læremiddelstøtten til høyere utdanning.»

2017: Budsjettforslaget: 5,6 mill. (Rapporterer 5,3 mill. i 2019-proposisjonen, omtalt som «støtte for utgiving av norskspråklege lærebøker for høgre utdanning») kap 281 post 78.

«Kunnskapsdepartementet varsla i Prop. 1 S (2015–2016) at departementet ville få greidd ut ein indikator for fagfelleverdert formidling i finansieringssystemet. Ettersom produksjon av lærebøker kan vere ein indikator for formidling, sette departementet i tillegg ut oppdrag om å evaluere tilskottsordninga for lærebøker. I rapporten *Læremidler og formidling i høyere utdanning – En evaluering av tilskuddsordningen og en vurdering av insentivene* (NIFU 2016) blir det konkludert med at tilskottsordninga dekker eit reelt behov. Samtidig blir det peikt på at det ikkje er semje i sektoren om at norsk språk er viktig i lærebøker, at digitale prosjekt fell utanfor ordninga, og at behovet for lærebøker på norsk berre gjeld enkelte utdanningar.»

2018: Statsbudsjettet: Ansvaret for Lærebokutvalet blir flytta til Diku, med ei uspesifisert løyving på kap 280 post 50: «Det nye organet får òg ansvar for Lærebokutvalet, som i dag ligg i Universitets- og høgskolerådet.»

Tildelingsbrevet for 2018 frå KD til Diku (då: SIU): «Bevilgningen til lærebokutvalget inkluderer midler til utgivelse av læremidler på nynorsk for å bedre den språklige likestillingen for lærebøker innenfor høyere utdanning, og produksjon av læremidler på innføringsnivå som er i små opplag.» Løyvinga blei spesifisert til 5,7 mill.

Dikus årsrapport 2018: «I 2018 tok Diku over forvaltningsansvaret for lærebokutvalget fra UHR. Ordningen støtter utgivelse av lærebøker som trykkes i små opplag, men er viktige for ulike fagfelt. Lærebøker på samisk og nynorsk, samt på innføringsnivå prioriteres. Ordningen spiller en viktig rolle i å bevare norsk som fagspråk i høyere utdanning. I 2018 mottok Lærebokutvalget 81 søknader hvorav 61 fikk innvilget utgivelsesstøtte. Blant disse var 9 utgivelser på nynorsk. Ingen samiske utgivelser søkte om utgivelsesstøtte i 2018.»

2018 (truleg): Lærebokutvalets *Kriterier og retningslinjer for tildeling av utgivelsesstøtte*:

«3.2 Kriterier for tildeling

Søknader som oppfyller kravene ovenfor vil bli vurdert ut fra følgende kriterier:

- *Behovet for læreboken (bokens antatte faglige relevans og kvalitet, som dokumentert ved søknaden og konsulentuttalelser)*
- *Behovet for utgivelsesstøtte (vurdering av markedssituasjonen for boken, som grunnlagt i søknaden)*

Vennligst merk at søknader knyttet til utgivelse av lærebøker på nynorsk og samisk, samt lærebøker på innføringsnivå, vil bli prioritert. Med innføringsnivå menes bachelorgradsnivå for alminnelige studiegrader, og innledende kurs som dekker de første 180 studiepoengene for profesjonsutdanningene.

Alle tilskudd fastsettes skjønsmessig av utvalget basert på de opplysninger som framkommer i søknaden og vedleggene, samt den interne konkurransen mellom søknadene og de prioriteringer som gjelder.»

Lærebokutvalet uttaler at dei erfarer at termen «basisbøker» har vore noko uklar, og den derfor er erstatta med «innføringsbøker». Utvalet presiserer elles at søknader om støtte til nynorskbøker blir vurderte på same måte som bokmålsbøker, og at prioriteringa betyr at dei nynorskbøkene (og dei samiske) som er funne støtteverdige etter ordninga, ikkje vil få støtta nedkorta, i dei tilfella der det er behov for nedkorting på grunn av manglande totalløyving (vart gjort i 2018). Utvalet baserer støtta på at det er 70 prosent av den aktuelle studentmassen som vil kjøpe læreboka. Dei vil ikkje skilje mellom bokmål- og nynorskbøker når det gjeld dette kalkulerte salstalet.

Den største endringa er at kriteriet «mangelområde» ikkje lenger er med i retningslinjene. Utvalet skriv at «[n]år det gjeld termen mangelområde vel Lærebokutvalet ikkje å definere dette nærare. Dette må definerast av søkjar sjølv, og vurderast i det einskilde prosjekt. Lærebokutvalet fryktar at ei smalare avgrensing av omgrepet mangelområde vil føre til færre søknader og at fleire gode bokprosjekt vert ekskluderte». (Brev til Samlaget 13.12.2018)

2019: Statsbudsjettet vidarefører Lærebokutvalet. Uspesifisert beløp til Lærebokutvalet via Diku. Tildelingsbrevet til Diku spesifiserer ikkje beløp.